



April 2010


PRIS- OG PRODUKTINFORMASJON



SKYSS

Skyss planlegg, kjøper og markedsfører kollektivtransporttenester som Hordaland fylkeskommune har ansvar for. Kontraktar for kjøring av bussrutene og Bybanen blir tildelt trafikkselskap etter anbuds konkurransar.

Skyss sine oppgåver er ruteplanlegging, utvikling av billettsystem, informasjon og markedsføring av kollektivtilbodet. Skyss sitt kundesenter tek imot og følgjer opp kundane sine førespurnader om reiser med Skyss.



SKYSSKORTET

Skysskortet er det nye reisekortet i Hordaland. Skysskortet kjem i staden for alle gamle busskort (eks. periodekort, rabattkort etc.) og skal bli det einaste gyldige reisekortet i Hordaland. Skysskortet vil også gjelde for Bybanen i Bergen.

Personleg og anonyme kort

Skysskortet finst som både personleg og anonymt kort. Det personlege Skysskortet er registrert på namn og gir deg rett til å kjøpe personlege reiseprodukt som PeriodeSkyss og UngdomSkyss. I tillegg kan du fylle på kontanter på Skysskortet, det vil seie KontanSkyss. Skyss refunderer verdien på kortet viss det blir øydelagt eller stole, etter gjeldande reglar.

På det anonyme Skysskort er det ikkje muleg å få periodeprodukt. Du kan fylle på kontantar, KontantSkyss, og kortet kan ha fleire brukarar. Ved tap av anonymt Skysskort vil ikkje verdien på kortet bli refundert.

Skysskortet blir tilsendt gratis og reiseprodukt kjøpast på kortet i etterkant. Du kan ha fleire reiseprodukt lagra elektronisk på Skysskortet.

Overgangsreglane er uendra og gjeld som før.

REISEPRODUKT OG REISEKONTO

EnkeltSkyss

EnkeltSkyss gjeld for ei enkeltreise på ei bestemt strekning eller innanfor eitt område. EnkeltSkyss kan kjøpast av sjåfør ved påstiging, og den reisande må ta vare på kvitteringa under reisa.

For vaksne Gjeld personar frå fylte 16 år. Dersom tre eller fleire reiser saman, kan ein få grupperabatt.

For barn Barn frå 4 år og opp til fylte 16 år får 50% rabatt på ordinær pris. Barn inntil fylte 4 år reiser gratis.

For honnørreisande Honnørreisande får 50% rabatt på ordinær pris og gjeld personar over 67 år, uføre som har uførepensjon, blinde, ektefelle/registrert partner som reiser saman med person som har rett til honnørbillett. Gyldig tilleggsbevis må medbringast.

For studentar Studentar/elevar/lærlingar under 30 år som reiser gjennom minst 7 soner får 17% rabatt på ordinær pris og gjeld for heiltidsstudentar ved universitet og høgskular, elevar ved vidaregåande skular, lærlingar og lærekandidatar (gjeld ikkje for vaksenopplæringslevar). Gyldig tilleggsbevis må medbringast.

For militære Vernepliktig mannskap og sivile tenestepliktige får 50% rabatt på ordinær pris. Lågaste takst er lik ordinær takst for 2 soner. Gyldig tilleggsbevis må medbringast.

For familiar Ein vaksen eller honnørreisande på enkeltbillett kan ta med seg eitt barn (mellom 4-16 år) gratis. Barn inntil fylte 4 år reiser gratis.

For grupper Ei gruppe er når tre eller fleire reiser saman. Vaksne i gruppa får 17% rabatt på ordinær pris. Barn og honnørreisande får ikkje særskild rabatt.

Barn under 4 år reiser gratis og tel ikkje med i talet på reisande.

PeriodeSkyss - 7 dagar, 30 dagar og 180 dagar

PeriodeSkyss gjeld for eit uavgrensa tal reiser på ei bestemt strekning eller innanfor eit bestemt område. PeriodeSkyss er berre gyldig på eit personleg Skysskort, og gjeld i 7, 30 eller 180 dagar frå fyrste gong produktet vert brukt/aktivert. PeriodeSkyss må aktiverast innan 30 dagar etter kjøpsdato.

For barn PeriodeSkyss for barn gjev 50% rabatt på ordinær pris. Gjeld for barn mellom 4 år og opp til fylte 16 år.

For honnørreisande PeriodeSkyss for honnørreisande gjev 50 % rabatt på ordinær pris og gjeld personar over 67 år, uføre som har uførepensjon, blinde, ektefelle/registrert partner som reiser saman med person som har rett til honnørbillett. Gyldig tilleggsbevis må medbringast.

For studentar PeriodeSkyss for studentar/elevar/lærlingar under 30 år gjev 40% rabatt på ordinær pris, runda opp til næraste 5-kroner. Gjeld for heiltidsstudentar ved universitet og høgskular, elevar ved vidaregåande skole, lærlingar og lære kandidatatar (gjeld ikkje for vaksenopplæringslevar). Gyldig tilleggsbevis må medbringast.

UngdomSkyss

UngdomSkyss er gyldig for personar frå og med fylte 16 år til og med den månaden ein fyller 20 år. Elevar i den vidaregåande skole som ikkje er fylt 16 år kan og kjøpe kortet, men må dokumentere gjennom inntaksbeviset at dei er elevar i den vidaregåande skolen. Ein må ha personleg Skysskort for å få UngdomSkyss. Ved kontroll må det synast gyldig legitimasjon.

UngdomSkyss er gyldig på buss-, ferje- og hurtigbårutene i fylket samt på Bybanen og lokaltog, og gjeld fram til eller frå fylkesgrensa. Produktet gjeld ikkje på ruter med nattakst, bortsett frå på "Trygt heim"-rutene. UngdomSkyss gjeld i 30 dagar frå første gong produktet vert brukt/aktivert. UngdomSkyss må aktiverast innan 30 dagar etter kjøpsdato.

NB! Hugs å ta vare på aktiveringskvittering for framvising på reiser med NSB Lokaltog, ferjer og ekspressbussar.



DagSkyss

DagSkyss gjev eit uavgrensa tal reiser innanfor området med eins takst i Bergen. DagSkyss er personuavhengig og er gyldig i 24 timar frå første gong produktet vert brukt/aktivert, men er ikkje gyldig på ruter med nattakst. Det er lik pris for alle, og ingen særskild rabatt for andre grupper (t.d. barn/honnør/student) blir gitt.

KontantSkyss

KontantSkyss er ein "konto" på Skysskortet som gjev 17 % rabatt på ordinær pris for EnkeltSkyss. Innskot på KontantSkyss er minimum 200,-, maksimum verdi er 1500,-.

Alle reiseprodukt kan betalast med KontantSkyss, men det vert ikkje gjeve ytterligare rabatt på produkt som allereie er rabatterte.

KontantSkyss kan nyttast som betalingsmiddel for fleire reisande. Dette gjeld både for anonyme og personlege Skysskort, men dersom personleg Skysskort nyttast må eigaren av kortet vere med på reisa.

Skolekort

Elevar som har rett på skoleskyss får eit eige Skolekort. Kortet gjeld på strekninga mellom heim og skole og gir rett til to turar (inkludert overgang) i tida mellom 05.00 og 19.00 (vidaregåande: 23.00).

Har du spørsmål om skoleskyss, ta kontakt med skolen din.

Kjøp og påfylling

Skysskortet kan fyllast på om bord i bussane, på utsalsstader eller hos kundesenteret på Bergen Storsenter. Du kan framleis kjøpe enkeltbilletter hos sjåfør utan Skysskortet. Seinare vil det komme automatar for kjøp og påfylling, dessutan muligheit for å fylle på kortet på skyss.no.

Gyldig billett og billettkontroll

Du er sjølv ansvarleg for å ha gyldig billett/reiseprodukt på Skysskortet. Ved billettkontroll må gyldig billett/produkt på Skysskortet samt legitimasjon og eventuell tilleggsbevis visast fram. Skysskortet kjem utan personleg bilde og derfor må du alltid ha med deg legitimasjon i tillegg. Dersom du har krav på rabatt (student/honnør/vernepliktig etc.) må du i tillegg kunne syna relevant tilleggsbevis ved fornying og billettkontroll. Gyldig tilleggsbevis for studentar er kvittering for betalt semesteravgift (semesterkort/årsmerke/studentbevis med oblat).

Gruppereiser

Grupper på 15 personar eller fleire må melde frå minst 24 timar før reisa tek til. Ta kontakt med operatøren som kjører den aktuelle ruta.

Det blir bare sett opp ein ekstra buss ved bestilling. Dersom det er større grupper som skal reise, må gruppa bestille (chartre) eigen buss.

Kontaktinformasjon finn du også under kvar enkelt rute i ruteheftet.

Hittegoods

Kvart enkelt operatørselskap som kjører for Skyss har ansvar for å oppbevare ting som er attgløynde på bussen. Ta kontakt med operatøren som kjører den aktuelle ruta.

Kontaktinformasjon finn du også under kvar enkelt rute i ruteheftet.

